



BUNAD- OG  
FOLKEDRAKT-  
RÅDET

---

Årsrapport 2009

Bunad- og folkedraktrådet  
Valdresmusea as

# **DEL I ADMINISTRASJON OG REKNESKAP 2009**

## **1.1 FORMALIA**

Bunad- og folkedraktrådet (BFR) er frå 1. januar 2008 organisert under Valdresmusea as (VM), regulert av ein eigen avtale mellom Kulturdepartementet og Valdresmusea. Arbeidet er organisert som ein seksjon med felles administrasjon med Valdresmusea. Vedtekten for VM er endra for å inkludere BFR. Museet har vedtak om at ein fylgjer ICOM sine museumsetiske reglar.

Det faglege arbeidet skjer i fagstaben ved BFR, men ein har òg tilgang på supplerande fagkompetanse og driftspersonale i staben ved museet. Kulturdepartementet har utarbeidd eige retningsliner for verksemda, og peikar ut eit eige fagråd for verksemda med eit mandat som ligg inne i retningslinene.

## **1.2 OFFENTLEG INSTANS**

BFR har store dokumentasjonssamlingar og arkiv som er staten sin eigedom. Dette overleverast Riksarkivet ved behov. Verksemda var tidlegare organisert direkte under KD, og det er difor valt å halde fram med same rutinar ang. post og arkivering som tidlegare.

## **1.3 ADMINISTRASJON**

Valdresmusea har hatt fylgjande administrasjon med arbeid med BFR i 2009:

**Torveig Dahl**, direktør, overordna ansvar

**Borghild Nybråten**, rekneskapsførar

**Siv Anette Mæhlum** (vikar **Bjørg Veisten** i svangerskaps- og fødselspermisjonsperiode), adm. sekretær i 20 % stilling. Då Mæhlum slutta i oktober, vart **Margit Eli Espeseth** på nytt adm.sekretær for BFR i 20 % stilling. Espeseth jobba tidlegare for BFR.

**Marit Aasen**, reinhaldar med tilleggsansvar for servering saman med adm.sekr.

Museet sine vaktmeistrar/handverkarar/sivilarbeidar bistår etter behov.

## **1.4 ØKONOMI**

Seksjonen har eige budsjett for spesifikke driftskostnadars. Seksjonsleiar har ansvar for attestasjon av alle fakturer, refusjonskrav, reiserekningar m.m. før registrering og betaling. Direktøren attesterer for seksjonsleiar sine reiserekningar. Det er utarbeidd eige administrasjon - og økonomiinstruks for VM.

Det er ein del inntening ved stordrift gjennom innkjøp, samordning av abonnement, større kundeavtalar m.m. I vårt rekneskap for 2009 er ein del postar i rekneskapen spesifikke, medan ein del er % -vis fordelt på BFR og resten av selskapet. Som samanlikning har vi i oppstillinga som ligg ved rapporten satt inn rekneskaptal for 2006, som var siste normalår for BFR før organisasjonsendringa. For faste driftskostnadars er desse teke som utgangspunkt og lagt på prisauke m.m. Verdt å merke seg samanlikna med 2006 er at ein da ikkje hadde forsikring, pensjon, rekneskap m.m. da ein var ei statleg verksemd der slike kostnadars vart dekka utanom vårt eige budsjett.

BFR har i 2009 hatt store utgifter til reise knytta til mange feltarbeid og Nordisk Draktseminar. Data er òg ein stor utgiftspost. Gjennom driftsavtale med KulturIT har BFR support, gode innkjøp av materiell, programvare og drift. Dette er ein avtale som BFR inngikk i 2006, men som no er utvida. Vi disponerer to lap-topar for bruk i feltarbeid og anna arbeid i samband med reiser. Desse er kopla opp mot Primus og VM sin harddisk, slik at ein kan legge registreringar direkte inn i Primus. Dette reduserar mykje av etterarbeidet knytt til feltarbeid. For å effektivisere feltarbeida våre ytterlegare, ønskjer vi å kjøpe ein laptop til. Ettersom feltarbeid er så viktig for verksemda vår, er det viktig at dei blir gjennomført mest mogeleg rasjonelt. Fagrådet meiner at det i høve til løvvingane er utført mykje godt arbeid i 2009, og

at ein med ei utviding av ramma kan gjera enda meir. Det er mykje u gjort på feltet, og eit stort behov for BFR sin kompetanse landet over.

Det er ikkje gjennomført aktivering i rekneskapen i høve investeringar på driftsmiddel. Det kan bli aktuelt for VM i samband med rekneskapsavslutting for 2009, men vil ikkje få fylgjer for BFR.

Ramme for 2009 for verksemda har vore **kr 3,345** mill kr. med løyving frå KD, men med litt eigeninntening og tilskott frå RFF/NTNU, er inntektene i 2009 **kr 3 401 371** (budsjett 3 510 000). Ugiftene for verksemda var i 2009 **3 377 208** (budsjett 3 475 000), dvs. eit overskott på **kr. 24 163** (budsjett 35 000), som kan overførast til 2010. Dette blir lagt til IKT/data, da BFR treng auka serverkapasitet i samband med konvertering, som er ein stor utgiftspost neste år.

Stoda for 2010 er om lag som i 2009 med ein prosentauke frå KD tilsv. prisauke (4 %). Med ei planlagt utviding av stab (50 % registrator/adm. sekr), er personalkost ein stor del av totalramma (71 %, tilsv 64 % i 2009), noko som vil gje mindre handlingsrom.

Det vil bli søkt om auka rammer for verksemda tilsv. 1 stillingsressurs med driftsmidlar for 2011, øyremerka feltarbeid og adm.sekr, som vil føre til å auka antal registreringar BFR kan gjennomføre pr. feltarbeid og til å lette dei administrative oppgåvane som er knytt til det nasjonale arbeidet. Ein slik søknad blir sendt i mars i samband med den totale rapporteringa til KD for 2009 og budsjettsøknad for 2011.

#### **1.4 PERSONAL**

BFR har 4 årsverk knytt til fagstab, i tillegg er det som trengs /er tilgjengeleg i staben til VM. I samband med sjukdom og seinare vakans, vart Ragnhild Lome engasjert som arkivassistent sommaren 2009. Ho heldt fram utover hausten og i juleferien. Magny Karlberg vart leigd inn som ekstrahjelp i samband med eit feltarbeid.

BFR har ikkje overtidsbetaling. Dette er regulert av ein eige særavtale om arbeidstid. Det blir teke ut avspasering med tilsv. %-tillegg. Det vart mykje reising på færre personar i 2009 da vi hadde mange feltarbeid, sjukdom/vakanse i staben og mange eksterne oppdrag i tillegg til undervisning.

Seksjonsleiar har eit stort arbeidspress, og hadde i 2009 mange reisedøgn. Ho vart difor innvilga fast ordning med ei ekstra ferieveke frå 2010 som ein kompensasjon for ekstra belasta arbeidstid. Seksjonsleiar har òg mobiltelefon gjennom jobben.

## **DEL II     FAGRÅDET OG SEKSJONEN**

### **1. FAGRÅDET**

Fagrådet i 2009 har vore det same som i 2008.

#### **1.1. Rådsmedlemmer**

Rådsmedlemmer i 2009 har vore:

Kjærsti Gangsø (rådsleiar)  
Kari-Anne Pedersen  
Atle Ove Martinussen  
Kirsten Røvig Håberg  
Tommy Olsson  
Mari Rorgemoen (vara)  
Arne Nerjordet (vara)

#### **1.2. Arbeidet i fagrådet.**

Retningslinjene har i 2009 vore uendra.

Jf. Retningslinjene frå Kultur- og kyrkjedepartementet skal fagrådet:

1. vedta planer for verksemda ved sekretariatet på Valdresmusea, i samråd med museet. Det skal leggjast hovudvekt på følgjande oppgåver:
  - a. tilrettelegge for innsamling, dokumentasjon, rekonstruksjon, forsking, bevaring og formidling innanfor det bunad- og folkedraktfaglege området,
  - b. auka medvit om, interesse og forståing for bunad og folkedrakt som kulturuttrykk i Noreg, blant anna gjennom vidareutdanninga Drakt og Samfunn,
  - c. auka kunnskap om tilverking og bruk av tradisjonelle norske bunader og folkedrakter, blant anna gjennom Bunadopplæringa,
  - d. søkje å leggje til rette for utvikling og revitalisering innanfor det bunad- og folkedraktfaglege området,
  - e. stimulere til utvikling av fleirkulturelle møteplassar basert på bunader og folkedrakter og deira bruk og tilverking.
2. årleg handsame rapport for verksemda ved sekretariatet,
3. fungere som rådgjevande organ for den faglege verksemda ved sekretariatet,
4. uttale seg ved tilsetting av fagleg leiar for sekretariatet og delta i prosessen i samråd med direktøren for Valdresmusea.

Fagrådet har i 2009 hatt tre møter.

Møte 1:2009: 28.05.09        BFR, Fagernes  
Møte 2:2009: 22.10.09        KKD, Oslo  
Møte 3:2009: 10.12.09        HiO, Oslo

I møte 1:2009 diskuterte fagrådet Nordisk draktseminar, Nordisk nettverksetablering, Nasjonalt nettverk for Drakt og tekstil, Drakt og samfunn og Bunadopplæringa, samt namneendring for BFR.

- Fagrådet slutta seg til den innførte praksisen med å invitere til *Nordisk Draktseminar* via nasjonalt nettverk for drakt og tekstil.
- Fagrådet råda seksjonsleiar til å reise på *Textilvetenskaplig konferans* på Nordiska museet 4.-6.november på vegne av BFR og det nasjonale nettverket.
- Fagrådet støtta synet om at medlemmane i *Nasjonalt nettverk for Drakt og tekstil*, representerer sin institusjon, og at institusjonane kan sende ulike deltagarar etter kven temaet er relevant for.

- Fagrådet tilrådde BFR å søkje ein meir fagleg relevant samarbeidspart til studiet *Drakt og samfunn*. Dei tilrådde også at ein bør i aukande grad prøver å nå fulltidsstudentar.
- Fagrådet tilrådde at BFR held fram med å vere med i styringsgruppa i den praktiske kursrekka *Bunadopplæringa*, og viss seksjonen har kapasitet, også undervise sjølv.
- Etter avslag frå KKD om nytt namn, var fagrådet einige om å avtale eit nytt møte med Språkrådet. Fagrådet meiner framleis at *Norsk senter for bunad og folkedrakt* er eit betre namn enn Bunad- og folkedraktrådet, eventuelt *Bunad- og folkedraktsenteret*. Eit alternativ er *Bunad- og folkedraktinstituttet*. Hovudargumenta for namneendring er at vi BFR no er to "råd", at organisasjonsstrukturen er endra og at institusjonen har fleire oppgåver enn å gje råd.

I møte 2:2009 gjekk fagrådet gjennom retningslinjene til institusjonen, og ytra ønske om ei presisering av desse. Fagrådet tilrådde også seksjonen å starte eit dokumentasjonsprosjekt, der ein tek utgangspunkt i eit område der draktskikken ikkje / i liten grad er dokumentert. Dei råda også seksjonen til å utarbeide ei offentleg venteliste på feltarbeid, som leggjast ut på nettsida, der nye interesserte settast på etter tur.

I møte 3:2009 drøfta fagrådet rettigheter til BFR sine registreringar og rådde BFR til å prioritere registrering av ting i privat eige samt å digitalisere sine eigne samlingar

Fram til linking av databasar mellom museum og BFR er mogeleg, bør alternativa vere:

- 1) BFR registrerer museumsplagg i BFRs Primus-database som ein del av det nasjonale digitale arkivet, og nettpublisert på digitalitmuseum.no. Når linking er mogeleg, linkast museets database opp til BFR sin database, slik at begge får tilgang.
- 2) BFR leiger ut sin kompetanse til museet. Mot vederlag, registrerer BFR plagga inn i museet sin database. Mønster/fotografi frå andre brukarar bestillast direkte frå BFR.

Det vart i dette møtet også gitt ei orientering av ABM-utvikling v. Beate Strøm om Unesco-konvensjonen for immateriell kulturarv. Fagrådet peika på utdanning og vilkår for bunadproduksjon som prioriterte områder innanfor bunadfeltet, og at tradisjonsbevaring er fult forenleg med eit mangfaldsperspektiv.

## 2. SEKSJONEN

Ved utgangen av 2009 har BFR 4 faste heiltids fagstillingar:

Anne Kristin Moe	Seksjonsleiar
Tordis Gjevre	1. Konsulent
Kristin Gulbrandsen	Fagkonsulent
Camilla Rudrud	Formidlingsansvarleg

Fyrstekonsulent Gunvor Rognså gjekk bort i 28.07.2009. Kristin Gulbrandsen overtok stillinga 01.11.09. Ragnild Ranheim Lome har frå 01.07.09 jobba som arkivassistent på timebasis, tilsvarande 50% stilling.

# **DEL III MÅL, UTFORDRINGAR OG SATSINGSOMRÅDE**

## **1. HOVUDMÅL**

Bunad- og folkedraktrådet har som mål å fremje, verne og vidareføre bruk og tilverking av bunader og folkedrakter i Norge, som eit uttrykk for kulturell identitet og som berar av særeigne kvalitetar. Institusjonen ønskjer å vere ledande i fagmiljøet og å drive aktiv formidling knytt til det innsamla materialet og kunnskapen i staben.

## **2. DELMÅL**

### **2.1 Dokumentasjon: Bygge opp og forvalte arkiv med draktregistreringar og anna dokumentasjon knytt til folkedraktene og dagens bunader**

#### **2.1.1 *Utføre feltarbeid i påbyrja områder***

Føljande feltarbeid har vore gjennomført i 2009:

Røros	19.-23.januar	(Gjevre, Rognså)
Røros	2.-6.februar	(Moe; Gjevre, Rognså)
Røros	2.-6.mars	(Moe; Gjevre, Rognså)
Setesdal	8.-12.juni	(Moe; Gjevre)
Sunnmøre	17.-21.august	(Moe; Gjevre)
Østfold	21.-24.september	(Gjevre; Gulbrandsen)

Registreringsarbeidet i felt i 2009 tilsvrar 70 dagsverk.

I tillegg gjennomførde formidlingsansvarleg og fyrstekonsulent eit feltarbeid på Maihaugen i samband med foredrag om draktskikk i Gudbrandsdalen. Det er elles registrert draktdelar frå privatpersonar som har levert dei inn hjå BFR.

Feltarbeid er ressurskrevjande, men høgt prioritert. BFR har større ambisjonar enn det vi har kapasitet til no. Eventuelle auka ressursar vil gå til dette nasjonale kartleggingsarbeidet.

#### **2.1.2 *Digitalisering***

I 2009 er det gjort ein stor innsats på digitaliseringssida. Materialet frå feltarbeida i 2009, til saman 1185 gjenstandar, vart lagt direkte inn i Primus. Dei 291 registreringane frå 2008 og dei 91 registreringane frå 2007 vart lagt frå Word-dokument til Primus.

Når det gjeld foto, er føljande fotomateriale digitalisert og katalogisert i 2009:

2008:	732 bilde
2007:	374 bilde
2006:	2005 bilde
2005:	6599 bilde
2003/2004:	3605 bilde
2002:	3393 bilde
2001:	498 bilde (ikkje fulltalig)
2000:	75 bilde (ikkje fulltalig)

I tillegg kjem dei 3058 bilda frå 2009 og 4884 bilde frå tidlegare år.

Til saman er det digitalisert og katalogisert 25 223 av 117 268 bilde. Dette har vore mogeleg gjennom bevisst satsing med mellom anna tilsetjing av ein arkivassistent på timebasis. Gjennom auka stillingsressursar vil ein kunne halde oppe aktiviteten på digitaliseringa utan at det gjeng ut over anna arbeid.

Bilda 2007 – 2009 er lagt inn i Primus, slik at registreringane frå denne perioden er komplette med foto. Dei andre er katalogisert og klar til å leggast inn i Primus når tekstmaterialet frå denne perioden er konvertert frå Cardbox.

Det er installert ein ny negativ-scannar til ei av pcane, slik at det no til saman har to scannestasjonar ved BFR. Ved årets utgang er ca 500 filmrullar (negativar) scanna og katalogisert. Også desse bilda må vi vente med å legge inn i Primus til det tilhøyrande tekstmaterialet er konvertert.

7 videofilmar av Aagot Noss, samt 8 andre dokumentasjonsfilmar er digitalisert.

I samband med digital registrering av Valdresmusea sine bøker er det påbyrja ei digital registrering av bøkene i BFR-biblioteket, slik at dei skal kunne søkast opp i BIBSYS på internett.

### **2.1.3 Oppdatering av arkivet**

Skåpa med BFR-registreringar er flytt til eit eige arkivrom. Her er det organisert på same måte som før, og i tillegg er privatarkiva ordna for seg. Det er elles starta på arbeidet med uferdig materiale frå før 2008.

Det er teke mønster av følgjande plagg:

- kjole frå Gudbrandsdalen
- kvinnentrøye frå Aust-Telemark (type a)
- kvinnentrøye frå Aust-Telemark (type b)
- kjole frå Østfold
- mannstrøye frå Østfold.

*Det er elles innlånt tre huer frå Røros i 2009 som det ikkje er teke mønster av endå.*

Det vart i 2009 bestemt at bilda i originalarkivet skal følge to ulike malar, ein for analoge og ein for digitale bilde. Det er rydda opp i filnamna, slik at dei lettare kan gjenfinnast.

Alle bilde er skiven over på "Archive Gold"-cdar med ekstra lang holdbarheit, og arkivert. I tillegg finns bilda på papir / cd og på Kultur-IT sin backup.

Mønsterarkivet er omorganisert. Til dette fekk ein m.a. hjelp av ein arbeidsveke-elev frå Vang ungdomskule som var hjå oss hjå BFR 4.- 8.april. Grunna satsinga på digitalisering og tilgang på denne kompetansen, er oppdatering av stoffarkiv og produsentarkiv utsett til neste år.

### **2.1.4 Anna**

15.desember deltok BFR på eit møte i Bodø arrangert av Norland Husflidslag, angåande igangsetting av feltarbeid i Nordland i 2010. Seksjonen ønskjer at Norland skal vere dokumentasjonsprosjekt-området til BFR (jr. Fagrådet si tilråding i møte 2:2009).

## **2.2. Formidling: Legge til rette og formidle informasjon og stille innsamla materiale til rådigheit for dei som arbeider med draktspørsmål**

### **2.2.1 Revidere og drive Drakt og samfunn**

*Drakt og samfunn* er eit fag på høgre nivå (30 + 30 stp.) som BFR driv saman med NTNU. Studieåret 2008/09 vart det teke opp 9 studentar på Drakt og samfunn 1. 8 av desse fullførte eksamen. På Drakt og samfunn 2 vart det teke opp 19 studentar. 12 av desse fullførte eksamen. Evalueringa viste at studentane var godt nøgde med fagleg innhald og kvalitet på undervisinga på begge kursa. Seksjonsleiar og formidlingsansvarleg var veiledarar og gjennomførde eksamen og sensurarbeid saman med Egil Bakka ved NTNU.

Studieåret 2009/10 vart ikkje studiet sett i gong, grunna for få påmelde studentar.

Seksjonsleiar og formidlingsansvarleg har revidert studieplanane for Drakt og samfunn 1 og 2. Vi har skreve fleire eigne forelesingar, slik at BFR pr.d.d. har 30 ulike foredrag (varierande lengde). Vi har sjølv utarbeidd nye plakatar og brosjyrar for studiet.

Vi satsar på å fortsette med Drakt og samfunn, men med ny samarbeidspart frå 2010.

Vi er pr.d.d. i dialog med to ulike høgskular som potensielle samarbeidspartar. BFR vil fortsette å arbeide for at kunnskap om folkedrakt og bunad vert styrka innan høgre utdanning.

### **2.2.2 Arbeide for praktisk opplæring**

BFR ønskjer å bidra med sin kompetanse innan for den praktiske opplæringa på bunadfeltet. *Bunadopplæringa* er eit samarbeid der Bunad- og folkedraktrådet, Noregs Husflidslag, Noregs Ungdomslag og Folkekulturforbundet tilbyr ei modulbasert opplæring innanfor bunadtilvirkerfaget. Seksjonsleiar gjekk inn i styringsgruppa som BFR sin representant etter fyrstekonsulent Rognsås bortgang. I oktober heldt seksjonsleiar foredrag om folkedrakt og bunad på Bunadopplæringa modul 1, "Introduksjon til bunadtilvirkerfaget". Elles gjekk slutten av året med på å førebu Modul 2, "Drakthistorie og bindingslære", som skal vere hjå BFR første veka i februar 2010.

### **2.2.3 Forske og publisere**

BFR har fått publisert artiklar av både vitskapleg, folkeopplysande og debatterande karakter: "Bunad- og folkedraktrådet". Norsk Bunadleksikon, 2009-utgåve (Moe)  
"Bunad er kulturarv". Aftenposten 15.05.09 (Moe)  
"Saum, slips og gjenbruk". Avisa Valdres 20.08.09 (Rudrud)  
"Handplagg". Avisa Valdres 01.10.09 (Moe)  
"Rekvistar frå eit liv". Nettutstilling, Ivar Aasen tunet. (Moe)  
"Dei broderte bunadane - ein idé frå Sunnmøre? Årbok for Sunnmøre 2009. (Moe)  
*Artiklane "Saum, slips og gjenbruk" og "Handplagg" er skreve i samband med markering av Kulturminneåret.*

BFR har også vore involvert i internasjonale prosjekt i 2009.

I august deltok BFR på *Nordisk draktseminar* i Hälsingland, Sverige, der tema var særart og likformigheit i draktskikkane. BFR val ut dei norske representantane, og fleire av desse holdt innlegg. Deltakarane var:

- |   |   |
|---|---|
| Jon Fredrik Skauge (sjølvst.)                           | - Foredrag A frå Norge, Likformidghet             |
| Camilla Rudrud (BFR)                                    | - Foredrag B frå Norge, Særpreg                   |
| Anne Kristin Moe  | - Speacers corner-innlegg, Broderte drakter       |
| Aagot Noss (sjølvst.)                                   | - Speacers corner-innlegg, Draktskikk i Setesdal  |
| Kari-Anne Pedersen (NF)                                 | - Speacers corner-innlegg, Skjorter i Telemark    |
| Kristen Røvig Håberg (HiO)                              | - Speacers corner-innlegg, Den kvinnel. ind.skole |
| Mona Løking (NHU)                                       | - Speacers corner-innlegg, NHU-prosjekt           |
| Petra Mari Linaker og Kathrine Bringsdal (NH)           |   |
| Torild Fossnes og Helga Reidun Bergebakken Nessel (NFF) |   |

Formidlingsansvarleg har i samband med sitt foredrag på Nordisk draktseminar forska på draktskikken i Gudbrandsdalen, og seksjonsleiar har arbeidd med eit prosjekt om dei tidlege bunadane. Begge arbeida skal publiserast som artiklar i 2010.

I samarbeid med Norsk Folkemuseum laga BFR ei bunadsutstilling til Lok Virsa Heritage Museum i Islamabad, Pakistan. Utstillinga tok føre seg utviklinga frå folkedrakt til bunad, og korleis ein i Norge har dokumentert draktskikken gjennom eit langsiktig og systematisk arbeid over mange år. Utstillinga stod 20.juni – 1.oktober 2009.

Ut i frå at BFR ønskjer å synleggjere mangfaldsperspektivet i verksemda sitt arbeid, vart det saman med Norsk Folkemuseum og Maihaugen søkt ABM-utvikling og Norsk kulturråd om eit felles dokumentasjons- og forskingsprosjekt med tema folkekunst og innvandring. Vi fekk imidlertid ikkje støtte til dette prosjektet.

#### **2.2.4 Gje ut informasjonsmateriell om BFR**

BFR sine nye nettsider vart lansert i mai med nyskrivne tekstar, nye fargar og bilete, og revidert logo. Designfirmaet Velour stod for designen. Grunna uavklaring i namnesaka, er det ikkje utarbeidd brosjyrar, visittkort etc.

#### **2.2.5 Utarbeide omvisingsopplegg for draktutstillinga**

Formidlingsansvarleg har utarbeidd ei standard omvisning i BFR si faste bunadutstilling, som vert tilpassa ulike aldersgrupper. Både skuleklasser og vaksengrupper har fått omvising i utstillinga i løpet av året. BFR- bestilte omvisingar haldast av formidlingsansvarleg, medan omvisarane på museet tek seg av andre turistgrupper. Formidlingsansvarleg har utarbeida ein eigen del om draktutstillinga til BFR i Valdresmusea sitt omvisarkompendium. Det er i tillegg utarbeidd to ulike tilbod til skulane gjennom Den kulturelle skulesekken 2009-2010, men det har så langt ikkje vore nokon bestilling på dei.

#### **2.2.6 Anna**

Norsk folkedraktforum si dokkeutstilling "Bunader på Vandring" stod 11. – 27. mars på Valdres folkemuseum. I samband med utstillinga laga formidlingsansvarleg ved BFR, saman med Valdresmusea sin formidlingsleiar, eit undervisningsopplegg for dei 150 elevane som var innom.

*Nasjonalt nettverk for drakt og tekstil* hadde si andre samling på Norsk Folkemuseum 17.-18.november med tema broderi. BFR arbeidde vidare med drifta av nettverket i 2009, i tillegg til å vere med i arrangørgruppa for årets samling.

BFR sitt bibliotek er ominnreidd til eit studie-/ undervisingsrom med pultar, projektor og lerret. Det er innført betre rutinar ved bruk av arkivet, slik at besökande no sit i biblioteket når dei arbeider med registreringskorta. Dette rommet vert også brukt til møterom når rekonstruksjonar vert lagt fram.

BFR har i 2009 fått mediadekking i Avisa Klar tale, Avisa Valdres, Drangedalsposten, Familien, NRK P2/Kulturnytt, NRK Østfoldsendingen, Opplandsnytt , Romsdals budstikke, Svensk TV, og Vårt land. Bilde frå vårt arkiv har vore nytta av Heimen Husflid, Magasinet Bunad og Aagot Noss bokprosjekt.

I 2009 har BFR halde foredrag på fleire konferansar, seminar og møter:

Husflidlaget i Vang	19.februar	(Moe)
Husflidens eigarlag, Ålesund	28.februar	(Moe)
Norsk folkedraktforum, Fagernes	14.mars	(Rudrud; Moe)
Valdres Husflidslag	25.mai	(Moe)
Ope foredrag, Østfold	21.og 23.sept. (Gjevre)	
Løfte handverket, Lillehammer	22.juni	(Moe)

Folkekulturfestivalen, Hamar	29.juli	(Moe)
Nordisk draktseminar, Hälsingland	3.-7.august	(Rudrud; Moe)
Norsk-amerikansk foreining, Fagernes	3.september	(Rudrud)
Egge Museum	11.september	(Moe)
Seminaret "Død eller levande", Steinkjer	13.september	(Moe)
Nasjonalt nettverk for drakt og tekstil	18.november	(Moe)
Registreringsseminar, Bardufoss	20.november	(Moe)

Representantar frå BFR har elles delteke på Museumspedagogisk fagdag, Digitalt fortalt, Textilvetenskapliga konferens på Nordiska Museet, Outreach seminar, Hilmarfestivalen, Seminaret "Utstillingstekst som egen sjanger", Nasjonalt nettverk for drakt og tekstil, Seminar i regi av Arbeidsgruppa for samhandling og arbeidsdeling ved innsamling i kulturhistoriske museum.

### 2.3. Rådgjeving: Gje råd ved rekonstruksjon eller revisjon av bunader

#### 2.3.1. Svare på konkrete forespurnader og ta i mot dei som ønsker å besøke BFR

I 2009 har det kome 210 e-post-henvendingar til [post@bunadraadet.no](mailto:post@bunadraadet.no). I tillegg har det kome ein del henvendingar direkte til dei tilsette, både på e-post og telefon. I forkant av 17.mai hadde vi også nettmøte gjennom Vårt Land.

Ein gjennomgang av spørsmåla viser at dei fleste omhandlar identifikasjon eller datering av drakt, samt kva som er lov / høyrer til ein bestemt bunad. Det har også vore nokre spørsmål om folkedraktskikk, kvar ein får tak i bunad/ material og om det finns kurs i bunadsaum.

#### 2.3.2. Følgje opp rekonstruksjonsarbeid

Ein spesiell del av rådgjevingsarbeidet vårt inneber konkret rettleiing i produksjon, samt vurdering av rekonstruksjon. I 2009 har vi hatt 13 rettleiings-besøk. 7 av desse var om rekonstruksjon:

Solveig Hutcheson	Brudekrone Hedemarken	04.06; 01.10.
Kjersti Prestkvern	Brudekrone Hedemarken	16.06.
Tonje Myre	Fiskekjølkje Hallingdal	12.09.
Ingebjørg Nordbø	Kvinnebunad Drangedal	30.11; 01.12.
Anna Skaar	Kvinnebunad frå Tysnes	01.12.

Det er også gjett rettleiing pr. brev til Bunadnemda på Sunnmøre.

BFR har sendt ut fire vurderingar i 2009:

- Lomme frå Sunnmøre
- Forkle frå Sunnmøre
- Kvinnebunad frå Drangedal
- Kvinnebunad frå Tysnes

Anna besøk:

Østfold bunadnemd	30.06.09
Svenske folkdansringen	29.-30.09.

Medrekna enkeltpersonar, studentar og forelesarar, har vi til saman hatt 250 besøk i 2009. I tillegg kjem alle som har sett utstillingane som del av museumsbesøket gjennom året.

#### 2.3.2. Anna

BFR i 2009 motteke føljande gåver:

Torill Gulbrendsen: diverse stoffrestar / filler brukta som isolasjonsmateriale

Maria Lund: diverse bøker og filmar

Klavenæss: 35 par nye bunadsko av merke Anita / Klaveness (utgått modell).